



Børsdalsnissen var populær.

Med gjester frå minst 4 verdsdelar, med dei fleste store verdsreligionane representert og med Børsdalsnissen midt i flokken vart Verdas beste julefest arrangert på Husnes tirsdag kveld. Eg og mange med meg som har opplevd mange julefestar, er i alle fall ikkje i tvil. Dei festane som skal måla seg med desse julefestane til Eining for integrering og opplæring, må vera heilt spesielle.

Etter ein fin velkomstsekvens ved den nye einingsleiaren for inkludering og oppvekst, Karin O. Harsvik, heldt programmet fram med lystenning. Fire elevar frå Thailand, Eritrea, Syria og Filippinene les Inger Hagerup sine vakre Adventvers medan dei tente dei fire adventslysa før alle song Eyvind Skeie sin adventsong **Tenn lys**.



Zemereab er ein meister på instrumentet krar.

Etter lystenninga fulgte to flotte musikkinnslag med elevar. Først fekk vi oppleve eritrerisk folkemusikk. Zemereab er ein meister på krar, etiopisk strengeinstrument, og han hadde tidlegare mange speleoppdrag både i bryllup og andre festlege samanhengar. Etter at han kom til Norge, har han vore utan instrument, men no har kameraten hans, Okbagebriel, faktisk laga ein krar til han. Denne fungerer glimrande, og det var ei flott oppleving å høyra Zemereab spele på den samstundes som han song til med den fine stemma si. Kanskje kan vi få til å høyra han på ein konsert i Uskedalen ein gong?

Neste par ut var Emily og Sophia, mor og dotter frå Filippinene. Dei song seg inn i hjarta til publikum m.a. med **All I need for Christmas is you** med nydeleg tostemt sang og gitarakkompagnement av mor Emily.



Flott innslag av Sophia og Emily(Foto: T. I. Døssland)

Selskapsleikar høyrer med, og når Kristin Strand drar i gang henteleiken kvart år, er både spenningen og engasjementet alltid heilt på bristepunktet. Det var og tid for fingerbingo før Børstdalsnissen gjorde sitt inntog. Som alltid var han i storform, tralla, song og fann på ablegøyer, før han delte ut pakkar til borna. At han er kjempepopulær blant borna er lett å skjønna, men det verkar som dei vaksne elsker han like høgt.

Maten er alltid noko eige på desse festane. Her tar gjestene med mat, og saman vert det eit ufatteleg innhaldsrikt buffèt med mange både norske og internasjonale smakar. Ei oppleving i seg sjølv.

Etter ei god stund med all den gode maten, var det tid for juletrengong. Når så mange nasjonalitetar går rundt juletre og syng julesongar av hjartans lyst, får du ei god kjensle inni deg. Det er eit høgdepunkt som ikkje vert gløymt. Like eins er det spesielt fint å delta i allsongen i Bjørn Eidsvåg sin vakre julesong '**I en Natt**' med den flokken. Når juletrengongen så vert avslutta med at alle syng med i første vers av **Deilig er jorden** medan vi står i ring, opplever vi noko saman som brenn seg fast.

Etter dette var det ei vakker og passende avslutning at ein representant for kvart språk i salen, gjekk på scenen og ønskte god jul på sitt morsmål.



Henteleiken skaper stemning.



Stort engasjement under fingerbingo



Til slutt vart det ønskt god jul på mange språk. Disse representerer kinesisk, arabisk og tigrinja.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ragnhild Røstbø